

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur – Nr. 1 Mars 2011 – 14. årgang



Norsk
Seterkultur

Seterbrukaren

kjem som vanleg med ny utgåve i juni. Det er eit godt høve til å gjera kjent sommars arrangement og tilbod på stølane kringom i landet. Foto og litt tekst til seter@seterkultur.no er alt som skal til!
www.seterkultur.no er nettstaden for den som har stølsopplevingar og stølsprodukt å selje - og for den som anten søker seterjobb eller har arbeid å tilby.

Organisasjonsnytt

Styret i NSK var samla til møte i Oslo 4.3. Tema var m.a.organisasjonsutvikling, medlemsverving, utvikling av Seterbrukaren og heimesida. Det har vore god inngang av medlemspengar og abonnement, og med tilskot frå LMD er det eit godt økonomisk utgangspunkt for å styrke organisasjonen til beste for seterdrifta og seterkulturen. Styret vedtok å utsette årets stølskonferanse til hausten, men vedtok at ein arrangerer eit fagseminar i samband med årsmøtet i vår. (Sjå innkalling/innbyding på denne sida).

Styret:

Mari Søbstad Amundsen, leiar
tlf. 920 59 571
Lille Bislett 8, 0170 Oslo
marisobstad@gmail.com

Siv Eggen, nestleiar
7760 Snåsa, tlf. 48 10 27 85
sbeggen@msn.com

Odd Arne Espeland, Jondal
5627 Jondal, tlf. 53 66 84 80, faks 53 66 82 55
odar-esp@online.no

Kjell Håvard Tuv
2900 Fagernes
kjell.tuv@oystre-slidre.kommune.no

Marit Skjelstad
marit.skjelstad@tine.no
(Repr. landbrukssamvirket)

Varamedlemmer
Nanfrid Røysland
3656 Atrå, tlf 90 75 11 16
sigmund@selstali.com

Bjørn Karsten Ulberg
358 Nedre Eggedal
bkulberg@broadpark.no

Oddveig Eggen
2550 Os i Østerdalen, tlf. 62 49 71 86

Utgevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169
Organisasjonsnr. 879270642
Redaktør: Jostein Sande
Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS
Trykk: Birkeland trykkeri

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.
Framsidedo: Kjell Håvard Tuv

Sammen er vi sterkere

■ Norsk seterkultur og Föreningen Sverige Fäbodbrukare har i lengre tid snakket om et felles seterprosjekt. Siden møtet om "Nordisk seterkultur som immateriell verdensarv" i Kilafors for et år tilbake, har vi diskutert aktuelle problemstillinger og mulighetene for å få dem inn i et grenseoverskridende prosjekt. Da Bioforsk Midt-Norge tok initiativet til en forprosjektsøknad til Interreg tidlig i fjorhøst ble samarbeidet mulig.

■ Norske og svenske seterbrukere har flere felles utfordringer, og vi er enige om at seterbruket er en viktig del av landenes landbruk i fortid og nåtid, men særlig for framtiden. Med tradisjonen for seterdrift følger et bredt kunnskapsgrunnlag omkring produksjon og foredling, utmarksressurser, kvalitet og driftsmåter. Denne kunnskapen med tilhørende verdier må bedre ivaretas og videreføres i framtidas landbruk, på begge sider av grensa.

■ Forprosjektet har fått følgende tittel: "Seterbrukets biologiske kulturarv som ressurs for en bærekraftig framtid." Med Bioforsk Midt-Norge som ansvar søker er det naturlig at det biologiske får et særlig fokus, men Norsk Seterkultur er inne for å sikre at prosjektet blir verdifullt også for dagens og framtidas seterbrukere. Samtlige prosjektdeltakere har et formål om å skape sysselsetting og langsiktig bærekraftig tilvekst basert på utmarksressurser, og i den sammenheng er kunnskapen om og verdiene knyttet til biologisk kulturarv viktig.

■ Det jobbes nå med å konkretisere prosjektet. Med oss i det arbeidet ønsker vi deres innspill og synspunkt: Hva ser dere som dagens utfordringer? Hva er viktige verdier ved seterdrifta som i dag blir oversett eller kanskje holder på å bli glemt? Hva er viktige kunnskapsområder som aktivt må innarbeides i eksisterende og videreføres inn i nye setre?

■ Norsk seterkultur ser fram til samarbeidet med viktige aktører på norsk og svensk side, og har stor tiltro til at prosjektet vil bli nyttig for aktive seterbrukere og andre med interesse for seterkultur.

Spørsmål, innspill og synspunkter kan sendes til undertegnede på e-post marisobstad@gmail.com.

Med ønsker om god vinter og vår,
Mari Søbstad Amundsen
Leder, Norsk seterkultur

Årsmøte og miniseminar i Norsk Seterkultur

Årets årsmøte avvikles på Røros 8. mai 2011 fra kl 13.30 på Vertshuset Røros

Vanlige årsmøtesaker.

Miniseminar 10.30 - 12.30

Program:

- Prosjekt Seterlandet ved prosjektleder Ola Sylte Heggset
- Matpolitikk og seterdrift ved Johan Sandberg Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
- Orientering om Rørosmeieriet
- Lunsj kl 12.30

Eventuell overnatting fra lørdag til søndag bestilles direkte til hotellet tlf. 72 41 93 50
Påmelding til: Mari Søbstad Amundsen tlf. 92 05 95 71 eller helst på: marisobstad@gmail.com

Styret

Forprosjekt for nasjonalt stølssenter i Øystre Slidre i Valdres

Ideen kom opp i samband med stølsprosjektet i Øystre Slidre, som er omtalt på en annen plass i Seterbrukaren. Utvidelsen av Langsua nasjonalpark med naturreservater og landskapsvernområder omfatter store arealer i Øystre Slidre kommune. Hytte – og turistdestinasjonen Beitostølen ligger i randsonen til de foreslåtte vernegrensene, og en så da muligheten for å kombinere et slikt stølssenter med et eventuelt nasjonalparksenter for Langsua. Forprosjektet ble derfor satt i gang for å se på muligheter for å få etablert et slikt senter og hva det skulle inneholde.

Området rundt Beitostølen har svært store naturverdier. Sammen med den aktive stølsbruken gir dette et viktig bidrag til landskapsopplevelsen der stølsmiljøet i alpin sone utgjør det ypperste og mest enestående. Nærheten til alle de som besøker Beitostølen og de som ellers reiser gjennom området gjør at stedet skulle ha de aller beste forutsetninger for en å få etablert et slikt senter.

Produkt og innhold

Forprosjektet har sett for seg at et Nasjonalt Stølssenter skal være bygd opp av fire grunnelementer (figur 1).

Fundamentet bør være et kompetansesenter som fungerer som nav og møteplass for alle med interesse for stølsdrift. Denne delen skal være en kunnskapssamling om alle tenkelige aspekter ved stølsdrift og funge som drivkraft for utvikling av framtidsetta landbruk i stølslandskapet, samt formidle inspirerende informasjon slik at

de besøkende ledes til å oppsøke autentiske stølsoopplevelser utenfor senteret.

Hovedattraksjonen skal være en sansepark som fungerer som arena for opplevelse og



deltakende læring der de besøkende får økt forståelse for historie, verdier, natur og kultur knyttet til stølslivet i Norge gjennom spennende aktiviteter.

Senteret bør også inneholde et deltagende kjøkken der det kan tilbys kurs og aktiviteter knyttet til matkultur basert på stølsområdets ressurser generelt og ysting spesielt.

Senteret kan dessuten ta på seg en funksjon som et nasjonalparksenter for Langsua nasjonalpark når vernebestemmelser, grenser og konsesjon kommer på plass.

Forprosjektrapporten er utarbeidet av Kjell Berge Melbybråten og Inger Toril Breien Johansen.

Rapporten i sin helhet finnes på kommunens heimesider :

www.oystre-slidre.kommune.no



Seterlandskap. Tor Harald Skogheim

Seterveileder snart klar

For to år siden startet arbeidet med å få til en seterveileder, en nettbasert håndbok hvor en kan få svar på mange spørsmål omkring setring. Veilederen er et samarbeid mellom Fylkesmennene i Hedmark, Oppland, Møre- og Romsdal, Nord-Tr.lag og Sør-Tr.lag, samt Norsk Seterkultur, Midt-Norsk Aktivum og Oppdal kommune. De to sistnevnte har stått for sekretariatet i arbeidet.

Veilederen er bygd opp omkring følgende tema: beite, setervoll, seterbygninger, mjølkeproduksjon, videreføring, seterturisme, seterkultur, vann, energi, tilskuddsordninger,

lover og nyttige linker. I tillegg til tekst og henvisninger, er det også laget 7 filmsnutter som støtter opp om teksten/veilederen. Det er filmet fra setre i alle fem fylkene, filmene omhandler melking, ostkoking, bruk av bygninger, kulokk, turisme, servering, Inn på tunet, aggregat og Uv-filter - mye detaljer og generelle tema.

Vi håper veilederen vil bli til nytte og hjelp, både for gardbrukere som vil ta i bruk setra si, eller vil utvide seteresongen, men også for landbrukskontor og forsøksringer som skal veilede gardbrukerne.

Vi har valgt å lage en nettbasert veileder, den blir fleksibel og dynamisk i forhold til å holdes oppdatert. Mye av veiledningsmaterialet er linket opp til originalkilden. Veilederen blir å finne på nettsidene til Oppdal kommune fra 1. mai 2011 www.oppdal.kommune.no Selvsagt blir det direkte link til veilederen fra nettsidene til Norsk seterkultur.

Med hilsen
Gro Aalbu
Saksbehandler landbruk
www.oppdal.kommune.no

Kulturminnevandring til

På hausten 2010 blei det arrangert kulturminnevandring til Rødalsetra, som ligg i Rødalen i Fræna kommune. Setra var i drift allereie i 1723, - kan vi lese i gamle papir, og det er framleis drift på setra.

Tekst/foto: Anne Holen Helseth

På setra finn vi også restar etter gamle seterbuer frå svunne tider. I 2010 vart det sendt inn kol som vart funne i jorda til analyse, og resultatet fortel at kolet vart brend på starten av 1400 talet. Dette stemmer med datering av tjæremiler frå ei anna seter i fylket. Så mykje tyder på at det har vore tidleg aktivitet på Rødalsetra.

Med på kulturvandringa var også Jorunn Magerøy som er født og vaks opp i Rødalen. Ho måtte tidleg vere med på seterarbeidet saman med systrene sine. Jorunn fortalde levande om arbeidet, men også om då dei spela grammofon og dansa på setervollen. Over 50 personar fann vegen til Rødalsetra denne dagen. Og til tonar frå neverluren til Gunnar Rødal var det stemningsfylt å komme til seters. For barna var det natursti, og ein liten kalv var populær å kose med. Gamalt seterutstyr var sett fram så folk fekk sjå. Vi fekk smake på rømmebunke og anledning til å kjøpe rømmegraut og speke-mat, som seterbrukarane hadde stelt i stand med. Gamle bilete frå setra gjennom tidene var hengt opp på ein av veggane, og praten gjekk livleg.

Frå seterlivet på 40 og 50 talet.

Jorunn Magerøy fortalde om når dei gjekk på setra om kvelden, og det var varmt om sommaren, så var det første dei gjorde når dei kom fram - å ete rømmebunke - som dei hadde sett opp nokre dagar før. Dei sette bunka opp i små kummar på ei hylle i seterbuua med papir over, så det ikkje skulle komme støv oppi. Bunka var laga av litt sur mjølk på botnen og nysila mjølk som dei rørte saman. Med sukker på så var dette veldig godt. Det går ikkje an å lage bunke av pasteurisert mjølk. Det må være romtemperatur, for at bunka skulle bli tjukk.

Om geitene ikkje var komne ned frå fjellet når me kom opp på setra og skulle mjølke, måtte me kalla på dei. Det var bjøllegeita som var kjøpt i Vistdal me ropa på då. Me ropa «Vistdal!» og «killa! killa!» berre så det «glønte» i fjella, og då kom alle spring-



Rødalsetra oversikt-bilde

ande med bjøllegeita først i flokken, fortalde Jorunn.

Eg kan hugse at dyra stod i kø for å bli mjølka. Me jentene var ein billig robot som ikkje var avhengig av om det vart straumbrot eller lynnedslag!

Kyrne gjekk på stølen som oftast, og dei kom når me kalla på dei. Sa me «gå på bås-en», så gjorde dei det. Me mjølka kyrne inne i fjøset, men geita vart mjølka ute att-med fjøsen. Ei god mjølkegeit mjølka ca. ein liter mjølk pr. mål. Mjølka sette me i bekken til kjøling natta over.

Om kvelden kokte me setersuppe av setermjølke og store havregryn. Denne kokte me i ein halv time på svartomnen, me tok opp ringar etter som det passa inn med kasserollen, me rørte i suppa, og hadde deretter i salt og sukker. Dette var god mat å ete etter ein hard arbeidsdag.

Me var oppe klokka 5 morgonen etter for å mjølke igjen. Så bar me mjølka på børtre heim, med 12-liters spann på kvar side, 2 kilometer ned til garden. Det var dårleg sti frå setra og ned til gardane. Men det var heldigvis ein kvilestein midt i mellom. Me lengta etter å komme til denne kvilesteinen, så me fekk ta av mjølkespanna og kvile oss.

Geitost

Me laga geitost annakvar dag heime. Då var det å separere mjølka til fløte og skumma

mjølk, så hadde me i osteløypa, slik at skummamjølka skulle bli tjukk. Så ga me den tjukke mjølka eit oppkok slik at det blei kost og myse. Deretter så sila me ho. Så kokte me mysa i jerngryta i grua i kjellaren heime. Me hadde oppi fløyten når mysa hadde kokt ei stund. Deretter måtte fløyten koke inn til han begynte å bli tjukk. Mor måtte røre i gryta med ein ostespeie, så mysa ikkje skulle brenne seg. Ostespeia var laga av tre med skaft, og var heilt flat i enden.

Men tenk det arbeidet me ungane hadde med å bere inn ved frå løa heile dagen. Det var ca 40-50 meter frå løa inn til kjellaren der osten vart kokt.

Etter at ein tok gryta ut av grua, måtte mor røre osten kald og ha han i osteforma. Det vart ca 3 kilo ost av mjølka. Mykje arbeid ein heil dag, men lite betaling.

Sal av geitost var ein viktig del av inntekta til bøndene i Rødalen den tida, og osten var svært populær. Folk kom til Rødalen frå Molde (ca 2,5 mil ein veg) og omegn for å kjøpe, men bøndene drog også sjølv til Molde for å selje geitost.

Om laurdagskveldane kom ungdommane frå bygda opp på setra. Då dansa me på seterstølen etter musikk frå tutgrammofonen hans Karl Hauge. Då var det Karl Jularbo-musikk som var mest populær, - jo, me hadde mykje artig også saman. Det var også mykje folk som kom til setra på søndagane for å sjå på

Rødalsetra



Jorunn Magerøy fortel om tida som setertaus.



Sondre Olai Dyrnes Sørgård prøvde eit børtre



Seterbrukarane i dag: Svein A. Rødal og Geir Hauge



Gunnar Rødal spelar på neverlur

at me mjølka geita, fortalde den tidlegare setertausa Jorunn.

Første fellesfjøs for geit i Møre og Romsdal I 1958 vart den første fellesfjøsen for geit i Møre og Romsdal bygd i Rødalen. Der var det plass til 250 geiter. Då kom Sunnmørningane og andre i busslastar for å sjå på drifta

og korleis fjøsen var bygd. Bøndene levte då geitemjølka til Molde for produksjon av ein type geitost. Seinare vart dette slutt, og mjølka måtte fraktast lenger unna. Dette vart til slutt tungvint, og geitmjølkproduksjonen vart derfor nedlagt.

Seterdrifta tok slutt i 1961. I 1998 bygde Geir Hauge fjøs her og har sidan mjølka

kyrme her om sommaren. Ein av dei andre bøndene Sven Arne Rødal bygde seg ny seterbu i 2005 og har dyra her oppe på beite sommarstid. Den gamle tradisjonelle seterdrifta på Rødalsetra vart med dette teken opp att.

Träff på Naturum Fulufjället om barn og ungdom og fäboddrift

Hur kan vi göra det möjligt för fler barn och ungdomar att få möjligheten att uppleva småjordbruk med fäboddrift? Några goda exempel på detta tema gavs under dagen.

I somras när jag var i fäboden fick jag upp tidningen Seterbrukaren där jag läste om Grönt Spa'tak. Projektet arrangeras av Natur og Ungdom i samarbete med Norsk Bonde- og Småbrukarlag och går ut på att ungdomar kommer till en gård, seter eller gård betestillsyn i minst 10 dagar. Något liknande kunde vi göra i Sverige också, tänkte jag. Ja och så blev det nu ett möte på Naturum Fulufjället, Mörkret, Dalarna. Speciellt inbjudna förutom Öjvind Aukrust från Natur og Ungdom fanns Josefin Årevall, Linnéa Andersson och Hillevi Fransson från Fältbiologerna på plats. Fältbiologerna är Sveriges motsvarighet till Natur og Ungdom.

Vidare under träffen berättade Tapp-Lars Arnesson livfullt om sina erfarenheter av Fäbodskola i Arvselens fäbod, Malung. Vi fick också en fin presentation av verksamheten vid Naturum Fulufjället av Sofia Tiger. Fäbodkollo i Brindberg, Älvdalen presenterades av mig.

Sist men inte minst avslutade jag med en förhandsvisning av Fäbodkalendern 2012- ett norsk-svenskt samarbete. Det finns möjlighet att göra reklam för sin förening eller sitt företag i kalendern som ges ut i en upplaga av 1000 ex i Sverige och 1000 ex i Norge. 30 % av annonsintäkterna går till utbyte mellan svenska och norska fäbod/ seterbrukare. Läs mer på www.budeia.no Älvdalens lokalförening av LRF bjuder in till "After Fjås" i Lidens bystuga, Älvdalen



den 16 april kl 20, då det blir release av Fäbodkalendern 2012. Välkomna!

Till bords hade vi mathantverk från Norge og Sverige: Sockersaltad og enrisrøkt lax från Yggdrasil og torkat flæsk från Gausdal Mat som jag köpt på Røros marknad, tunnbrød från Doris i Klitten, Älvdalen, hållbrød från Härjedalen, bredbara ostar og messmør från mig.

Efter träffen fortsatte vi att planera ett möjligt opplegg for Grönt Spa'tak –Sverige hemma hos mig i Kittan, Älvdalen og avslutade med ett besök i fjåset hos korna og getterna. På det hela taget var det ett mycket lyckat møte!

Charlotta Rosborg
Fäbodbrukare Lofjätåsens Fäbod, Idre
Prosjektledare Det Levande Fäbodbrukets
Dagar i Södra Fjäll

Flott film om "fløkk'dagen åt sætern"

Filmen om seter-flytting til Høstdalen på 1920-talet vart godt mottatt da den hadde premiere i slutten av januar. – Akkurat som det var, lydde kommentaren frå mange eldre som hadde opplevd seterlivet og seterflyttinga slik i ungdommen. Flotte bilde og artige detaljar vekke gjenkjennelse og latter blant publikum, og det var berre godord for skuespelarprestasjonane.

Rundt hundre personar med smått og stort var med på høgtidlig premiefest i samfunnshuset Sølslottet i Alvdal fredagskvelden, og kring 300 personer fekk sett filmen før helga var omme. Med denne

filmen er viktig historie dokumentert, og initiativtakere og alle som har medvirka kan vera stolte av resultatet! - Filmen blir seld via Alvdal Bok- og papirhandel, www.abok.no - bestillingar kan gjerast der og dei distribuerer over heile landet!



Markedsplassen

Dei som ønskjer seg seterjobb har for lengst "vakna", og mange finn vegen til Markedsplassen på Norsk seterkultur si nettside www.seterkultur.no Vi oppfordrar også dokk som har arbeid å tilby å bruke denne gratis annonseplassen! Adressa er: reg@seterkultur.no eller seter@seterkultur.no



Bakterier i drikkevannet ? Høyt kimtall ?

UV kan være en rimelig, enkel og sikker løsning!
40 l/min 40 W



kr. 3490,-
+ mva



www.ysteriutstyr.no
2900 Fagernes
mob: 91 32 40 77



Frodig støl i Hemsedal søker snille kyr!

På garden Snerteaugen i Hemsedal har dei tidlegare drive med mjølk, men no har dei berre kviger. Dei siste tre åra har dei hatt mjølkekyr på stølen for andre bønder i Hemsedal som har hatt for lite sommarbeite – opp til 10 kyr. Jorda er økologisk dyrka, og det er ein idyllisk plass med gode sommarbeite.

Frå sommaren 2011 ønskjer snertefolket å finne ein gard som (helst) også driv økologisk og som ønskjer å sende kyrne sine på Krosstølane i Hemsedal i tidsrommet 23. juni til 20. august – anten for heile perioden eller ein del av perioden. Dei håpar å få kontakt med eit mjølkebruk som har behov for ei slik ordning over tid, då det er mykje styr med ny besetning kvart år.

Snertefolket ønskjer å halde fram med stølsdrifta for å halde vedlike det flotte kulturlandskapet på Krosstølane, fordi det er ein meiningsfull livsstil som høyrer det tradi-

sjonelle landbruket i Hemsedal til, og for å føre viktige støls-tradisjonar vidare.

Det har vore tradisjonell stølsdrift på garden utan avbrot frå først på 1800-talet, og sidan 1930 på Krosstølane. Tori Snerte har vore buedeie i 18 somrar, med 10-12 mjølkekyr og 10-20 kviger. Dei siste 10 åra var Snertestølen den einaste stølen med aktiv stølsdrift på Krosstølane, der det tidlegare var ca 13 aktive støl. Snerte satsa på sommarmjølke, hadde dyra i utmarka på dagtid og inne på stølsvollane om natta, og sat på stølen frå St. hans til 1. september. Det er gjort mykje arbeid med bygningar, gjerding og beiteskjøtsel på dei vollane Snertestølen disponerer, og det er også flotte utmarksbeite på Krosstølane.

Kontaktinfo: Tori Snerte,
tsnerte@online.no, mobil: 97524942.



FORNØYD FILMTEAM: F.v. Ingrid Vollan (alvdøl og kjent fra NRK's Himmelmilå-serie), manusforfatter Helge Ness, koordinator Tirill Langleite, idèmaker og skuespiller Håkon Øien, Vegard Ringkilen og produsenten sjøl, Bjørn Nysveen. Bak sitter idèmaker Ove Sand med Lina og Lars Samuelshaug på fanget.



21.500,-
+mva

For den profesjonelle bruker, 550 l/t.
Vi kan også levere separatorar med kapasitetar på 325, 1000 og 3000 l/time



4250,-
+mva

Ein separator for dei som vil halde i hevd gamle tradisjonar, og kjenne gleden av å servere mat der råvarene kjem frå eigen gard eller støl. 60 l/t - 3 hastigheter for ulikt feittinnhald.

UV-anlegg i rustfritt stål for sikker vasskvalitet i foredling og mjølkerom. Særs enkel montering. Kapasitetar frå 4-90 l/min. Kan tilpassast 12v for batteri eller solcelle.



3490,-
+mva

40W, 40 l/min



www.ysteriutstyr.no

2900 Fagernes, mob: 91 32 40 77



Mange av våre produkter har rot i stølskulturen og vi støtter Norsk Seterkultur i arbeidet for denne driftsforma



Holdbare kyr med

Pluss Multitilskudd storfe og geit

Pellets eller pulver



Høg produksjon, god fruktbarhet og god helse sikres ved bruk av Pluss Multitilskudd. Gi alltid multitilskudd når dyra får mindre enn 3 kilo kraftfôr eller ved bruk av alternative fôrmidler.

Pluss